



Førde kommune



## *Kommuneplanen sin arealdel 2019-2030*

### *Skilt og reklame*

*Førde kommune – Ei drivkraft med menneska i sentrum*

[www.forde.kommune.no](http://www.forde.kommune.no)

Bystyrevedtak 26.09.19



# 1 Føremål og definisjonar

## 1.1 Lovheimel

Desse føresegnene er heimla i Plan og bygningslova § 11-9.

## 1.2 Føremål

Føresegnene har som føremål å ivareta prinsippa om universell utforming, trafikktryggleik og ei estetisk god utforming av skilt og reklame, i felles omgjevnader og offentleg rom i kommunen i samsvar med plan- og bygningslova § 1-1 og § 30-3, NS 3041 (Norsk Standard). samt veglova § 33.

## 1.3 Definisjon av skilt

Fysisk og/ eller annan innretning for montering, plassering, klebing, projisering eller på annan måte synleggjering av fast eller utskiftbar bodskap. Innandørs innretning der bodskapen er retta mot utsida, vert rekna som utandørsskilt (NS 3041).

Dekorelement, som t.d. material- og/ eller fargebruk, inngår som ein del av skiltinga. Det same gjeld informasjon om opningstider, telefonnr., internettadresse og liknande.

Opplysningar om avgangstider for offentleg transportmiddel inngår ikkje.

## 1.4 Skilttypar og andre definisjonar (frå NS 3041)

### 1.4.1 Fasadeskilt

Skilt montert på fasade, nisje eller i vindaugsopning.

### 1.4.2 Frest skilt (konturskore skilt)

Skilt utforma som enkeltelement (bokstavar, figurar) utan bakplate.

### 1.4.3 Frittstående skilt, ID-mast, pylon/ totem

Skilt på stolpe, sokkel, stativ eller mast.

### 1.4.4 Visningsskilt (retningsskilt)

Skilt med opplysning om plassering, etasje og liknande.

### 1.4.5 Lyssett skilt

Skilt der lyskjelda er plassert utanfor skiltet.

### 1.4.6 Indirekte lyssett skilt

Der lyskjelda er montert i skiltet og lysset veggen bak skiltet (koronaeffekt).

### 1.4.7 Lysskilt

Skilt der lyskjelda er integrert i skiltet.

### 1.4.8 Lausfotreklame

Lett flyttbar innretning (reklamebukk, vippeskilt, roterande skilt- og reklameinnretning, parasoll), samt utandørs salsprodukt, plassert på fortau, gate, veg eller husvegg.

### 1.4.9 Malt skilt

Skilt med verksemd- eller reklamebodskap malt direkte på vegg.

### 1.4.10 Nedhengsskilt

Skilt som heng ned frå tak, himling, baldakin eller liknande.

#### **1.4.11 Orienteringsskilt**

Skilt med kart eller illustrasjon over eit område eller ein bygning.

#### **1.4.12 Plateskilt**

Tett plate/ kasse/ søyle for montering av fast eller utskiftbar skiltbodskap.

#### **1.4.13 Reklameskilt**

Skilt og liknande innretning som annonserer varer, tenester eller arrangement, utan tilknytning til staden.

#### **1.4.14 Takskilt**

Skilt montert *på*/ over takgesims.

#### **1.4.15 Uthengskilt**

Skilt montert ut frå fasade.

#### **1.4.16 Vindaugsdekor**

Sjølvklebande folie *eller anna bodskap på/ innanfor vindauge*.

#### **1.4.17 Verksemdskilt**

Innretning som annonserer verksemd på staden.

#### **1.4.18 Piktogram**

Grafisk teikn eller symbol som representerer eit ord, ei gruppe av ord eller ein idé.

#### **1.4.19 Skiltplan**

Plan som syner prinsippa for plassering, utføring, materialbruk og storleik for skilt innanfor eit avgrensa område/ bygning/ fasade.

### **1.5 Tillegg til NS 3041**

#### **1.5.1 Mellombels skilt**

Flagg, banner, duk og segl.

#### **1.5.2 Markiseskilt**

Markise påført namn til verksemd og/ eller reklame.

#### **1.5.3 Transportmiddelskilt**

Skilt påført køyretøy, tilhengarar og liknande som vert parkert i tilknytning til verksemda.

#### **1.5.4 Variabel reklame**

Reklameinnretning kor bodskap endras meir enn ein gong i døgnet, uansett om vekslinga skjer mekanisk, elektronisk, optisk eller på anna måte.

#### **1.5.5 Flagg**

Som regel firkanta tøyestykke med ein farge- og mønsterkombinasjon som symbol for ein nasjon, geografisk region, organisasjon, verksemd mfl.

## **2 Omsyn og plassering**

### **2.1 Skiltplan**

Det kan lempast på enkeltkrav i føresegnene når skiltplanen syner at den samla profilering, har ei tilfredstillande arkitektonisk tilpassing og tek naudsynte estetiske omsyn.

### **2.2 Tal skilt**

Det kan maksimalt nyttast eitt skilt pr. verksemd pr. fasade. For verksemder med særskilde behov kan det godkjennast fleire skilt. Eit slikt behov kan td. Vere gjeldande for verksemder som er medlem i fleire kjedar. I tillegg kan det, der det ligg til rette for det, også førast opp eit uthengsskilt. Dette skal vere tilpassa dei gåande.

### **2.3 Skilt på tak og gesims**

Det er ikkje tillat med skilt, flaggstenger og reklame på tak eller gesims (gjeld ikkje baldakin), med mindre det er uråd med anna skilting.

### **2.4 Omsyn til arkitektoniske bygningsdetaljar**

Skilt på arkitektoniske detaljar på fasaden, som søyler/ pilastar (murforsterkning) og andre karakteristiske fasadeelement, er ikkje tillat.

### **2.5 Trafikktryggleik og sikt**

Skilt skal stette krav til trafikktryggleik og siktaksar.

### **2.6 Mellombels skilt**

Mellombels skilt (sjå pkt. 1.5.1) på bygning vert ikkje tillat.

Ved større festivalar, idrettsarrangement, arrangement knytt til handelsstanden og liknande, kan mellombels skilt godkjennast langs og i offentleg veg, og på bygning og grunn når det ligg føre løyve frå vegmynde og dette er tidsavgrensa. Estetikk vert ikkje vurdert i slike høve.

### **2.7 Skilt i samband med fyrverkerisal**

Det er ikkje søknadspliktig med skilting i samband med fyrverkerisal. Oppheng av reklame eller banner skal helde seg til eige lokale, og skal berre vere opphengt i salsperioden. Det er ikkje akseptabelt med lausfotreklame og anna reklame plassert på bakken.

### **2.8 Utskiftbare reklameskilt**

For ei verksemd kan inntil tre mindre råmer for skilt og reklame godkjennast. Råmene skal vere fastmonterte, retta mot gåande og plassert nær inngangsparti. Råmene kan nyttast til opplysningar om produkt og prisar, kampanjar osb. Råmene skal vere underordna fasaden og profileringa elles. Råmene skal ikkje vere meint for plakatar større enn omlag 70 × 100 cm. For verksemder som har fleire inngangar kan det tillatast inntil tre råmer per inngang, dersom det er over ti meter mellom inngangane.

Større utskiftbare reklameskilt med prisar og kampanjar, i fastmonterte råme, kan berre godkjennast i samband med skiltplan, slik at tiltaket kan vurderast som del av den samla profileringa.

## **2.9 Montasje og vedlikehald**

Skilt skal monterast og haldast i slik stand, at fare eller annan vesentleg ulempe ikkje oppstår for person eller eigedom. Skilt og flagg skal vedlikehaldas slik at innretningane ikkje verkar skjemma i seg sjølv eller i høve omgjevnaden.

## **2.10 Innretning som ikkje er i bruk**

Plakatar, skilt og stativ som ikkje er i bruk skal fjernast.

Lys arrangement som ikkje fungerer, skal sløkkjast inntil vedlikehald er utført.

## **2.11 Lys og skilt som varierer i styrke, budskap eller er i rørsle**

Lys og skilt som varierer i styrke, budskap eller er i rørsle, er ikkje tillat. Digitale tavler kan godkjennast når desse er bak vindauge, tek i vare trafikktryggleik og er retta mot gåande.

## **2.12 Skilting i samband med byggjearbeid**

For skilt som vert oppført i tilknytning til byggjearbeid, og er tidsavgrensa til gjennomføringa av byggjearbeidet, kan det lempast på dei estetiske krava. Slike skilt skal berre gje informasjon om aktørane i byggeprosjektet, og skal vere godkjent av vegmynde der trafikktryggleiken kan vere påverka. For byggeplassskilt vert også bilete av byggeprosjektet i kombinasjon med føretak som er engasjert i bygginga akseptert.

## **2.13 Lausfotreklame**

Lausfotreklame er ikkje tillat.

## **2.14 Salsprodukt**

Salsprodukt plassert utandørs kan akseptast, når dei er retta mot gåande.

Plasseringa skal ivareta krava til universell utforming og fjernast i butikken si stenetid. Salsprodukt skal ikkje plasserast i gangareal, der minimum breidde skal vere 2,5 meter.

## **2.15 Frittstående skilt, id-mast, pylon/ totem**

I sentrum, som definert i kommuneplanen, er det ikkje tillat med frittstående skilt, ID-mast, pylon/ totem.

Frittstående skilt, ID-mast, pylon/ totem er ikkje tillate for enkeltverksemder, men kan nyttast der fleire går saman. Desse skal plasserast nær vegkryss til verksemdene.

I tettbygde område med hastighet mindre enn 60 km/t kan frittstående skilt/ ID-mast ha ei høgde på maks. 7.0 m over terreng, breidd på inntil 1.3 m og ei samla skiltflate på inntil 4 m<sup>2</sup>. Utanfor tettbygde område og med hastigheter over 60 km/t kan slike skilt oppførast i samsvar med vegdirektoratet sine retningsliner.

## **2.16 Felles presentasjon med krav om skiltplan**

I bygg som inneheld fleire verksemder, skal verksemdene sine skilt samlast i ein felles presentasjon. Det vert her sett krav om skiltplan. Verksemd i lokale med fasade langs fortau eller gate med eigen inngang, kan ha egne skilt.

## **2.17 Vindaugsdekor ved bruk av skiltplan**

Foliering for verksemder i 1. etasje vert vurdert etter pkt. 3.4. Ved bruk av skiltplan, (sjå pkt. 1.4.19), kan også vindauge for dei andre etasjane inngå.

## **3 Utforming**

### **3.1 Arkitektonisk tilpassing og estetiske omsyn**

Skilt og liknande innretningar i det offentlege rom, skal halde seg til, underordne og tilpasse seg bygningen sin arkitektur, omkringliggende bygningar, området sin heilskap og eigenart.

Dette omfattar både plassering og innbyrdes gruppering i høve bygning og omgjevnader, samt utforming og materialval (NS 3041). Informasjon om opningstid, telefonnummer, internettadresse, produktnamn og liknande, skal vere underordna skiltinga elles.

Alle skilt og reklameinnretningar skal utformast med estetiske omsyn.

### **3.2 Uthengsskilt**

Uthengsskilt skal vere min. 2,5m over gategrunn og skal ikkje stikke meir enn 0,7m ut frå fasadelivet, inkludert innfesting. Skiltet skal plasserast i god avstand frå hushjørne, og på ein måte som ikkje kjem i konflikt med andre skilt som gatenamnskilt, trafikkskilt osv.

### **3.3 Nedhengsskilt**

Nedhengsskilt skal vere min. 2,5m over gategrunn og ha ei bredde på maks 1,0m.

### **3.4 Flagg og flaggstenger**

Flaggstengene skal ha maksimal høgde på 6 m, og kan berre bli nytta til oppheng av flagg. Flagget sitt budskap skal vere føretaksnamn, logo eller kombinasjon av begge deler. Verksemdar som sel plasskrevjande varer (ikkje detaljhandel) kan alternativt nytte produsentnamn. Flagget må vere tilpassa flaggstanga og til omgjevnaden.

I sentrum, slik det er definert i kommuneplanen, er det ikkje tillat med flagg til bruk for skilt eller reklame. Utanfor sentrum er flaggstenger tillat, men skal inngå i verksemda sin skiltplan.

### **3.5 Vindaugsdekor**

Profilering av verksemda ved bruk av vindaugsdekor skal utførast som foliering skilt på maks 1/3 av samla vindaugsflater for den enkelte verksemd, og skal monterast på innsida av vindauge. Der det er behov for skjerming, ut over maks 1/3, kan tildekking tillatast dersom det vert teke naudsynte estetiske omsyn. Plakatar og liknande innanfor vindauge, og som er meint for publikum på utsida, skal inngå som del av skiltinga.

Same reglar gjeld for persienner og duk (screen).

Foliering for innsyn og solavskjerming som ikkje har budskap i seg er ikkje søknadspiktig. Det er ein føresetnad at folieringa er av nøytral farge og er tilpassa bygningen.

### **3.6 Lyssetting**

Ved fleire skilt på ein fasade skal det nyttast same type lyskjelde og ha same lysnivå.

For «kvit» del av skiltet, skal varmetemperaturen ikkje overstige 4500 kelvin. Lyssettinga skal i lysstyrke ikkje overstige det generelle lysnivået i nærområdet.

### **3.7 Transportmiddelskilt**

Permanent eller mellombels oppstilling av transportmiddel, som har til hovudformål å nyttast som ledd i profileringa, skal inngå i vurderinga av den samla skiltinga, skiltplan, på eigedomen.

### **3.8 Markiseskilt**

Markiser for solavskjerming kan kombinerast med verksemdsskilt på kanten i front på markisa. Markisa må monterast over rammeopningar (vindauge/ dørar) og med form og farge tilpassa bygningen.

### **3.9 Universell utforming (UU)**

Skilt skal ha skriftstorleik/ piktogram som skal vere tilpassa leseavstand, og utformast slik at dei kan lesast og forståast av personar med nedsett funksjonsevne/ orienteringsevne. Frittstående skilt skal plasserast slik at dei tek i vare krav til naudsynt tilgjenge.

## **4 Sakshandsaming**

### **4.1 Søknadsplikt**

Plassering og endring av skilt- og reklameinnretningar er etter plan- og bygningslova § 20-1 søknadspliktige.

### **4.2 Dokumentasjonskrav**

Når det vert søkt om løyve til nye skilt på bygg/ eigedom, skal det leggjast ved situasjonsplan som syner plassering og fotomontasje av alle fasadar, i fargar. Den skal vise korleis dette tilpassar seg eksisterande skilting, bygning eller området rundt. I tillegg skal det leggjast ved illustrasjon som viser belysning av skilt i mørket og skildring av skilttype, materialbruk, breidde, høgde og tjukkeleik samt val av lyssetting og styrke på lyssetting. Tidlegare godkjend skilting skal kome fram av søknaden.

Det må føreligge samtykke ifrå grunneigar, og eventuelt vegmynde dersom tiltaket vender seg mot biltrafikk.

Som hovudregel skal det leverast skiltplan saman med søknad. Det kan lempast på krava i norma når skiltplanen syner ei samla profilering av verksemda.

I skiltplan skal det definerast kva endringar som kan gjennomførast innanfor rāmene av planen.

Sjekkliste og søknadsskjema finn du på kommunen si heimeside.

### **4.3 Sakshandsaming**

For søknad og sakshandsaming for skiltsaker gjeleld føresegnene i Plan og bygningslova med forskrifter, som ved andre byggjesaker.

### **4.4 Søknad om skilt i samband med nybygg**

Når det vert søkt om løyve til nye bygningar der det skal vere skilt, skal det leggast ved dokumentasjon i samsvar med pkt. 4.2. og 4.3. Fotomontasje kan erstattast av ei

fargelagt fasadeteikning/ oppriss. Skilt på grunn og bygning skal inngå som del av prosjekteringa.

#### **4.5 Følgjande skilt er ikkje omfatta av føresegnene:**

- 4.5.1 Skilt som er montert innandørs og ikkje er meint for publikum på utsida.
- 4.5.2 Skilt montert på idretts- og kulturarenaer, orientert inn mot sjølve området, og som ikkje er skjemmande eller til sjenanse for miljøet rundt.

#### **4.6 Krav om skiltplan ved søknad om endring, eller nye skilt**

For bygningar/ eigedomar med fleire verksemder, der det ikkje ligg føre godkjend skiltplan, skal det sendast inn søknad om skiltplan ved søknad om nye skilt, eller endring av skilting, sjå. pkt. 4.1 og 4.2.

Som vilkår for løyve kan kommunen krevje naudsynte endringar i skiltinga elles, slik at den samsvarar med føresegnene.

Når det ligg føre godkjent skiltplan, kan seinare endringar av skilt og reklame i samsvar med planen og føresegnene førast opp utan søknad.

#### **4.7 Skilting på freda eller verna bygning eller område**

For skilting på eigedom som i reguleringsplan eller etter kulturminnelova er regulert til bevaring, skal det hentast inn uttale frå antikvarisk mynde. For skilting på eigedom som er freda skal det hentast inn dispensasjon frå vernemynde.

#### **4.8 Langs offentleg veg**

Reklameskilt eller liknande innretning må ikkje utan løyve plasserast ved offentleg veg eller plasserast slik at dei er retta mot vegtrafikken eller er synleg for dei vegfarande, sjå veglova § 33.

På eigedomsområdet til offentleg veg er det forbode utan løyve frå vegstyremakta å sette reklameinnretning eller anna innretning på annan stad enn der det er laga særskilt offentleg oppslagsplass til slik bruk, sjå veglova § 57.2.

#### **4.9 Løyve vert gjeve mellombels**

Løyve til skilt vert gjeve i samsvar med plan- og bygningslova § 30-3, 2. ledd, og gjeld inntil vidare eller for eit avgrensa tidsrom.

#### **4.10 Innretningar som er i strid med gjeldande føresegner**

Dersom tidlegare løyve til skilt og/ eller reklameinnretningar er gitt før dato for vedtak av gjeldande skiltnorm, og med mellombels løyve eller med ikkje fastsett varigheit, kan kommunen gi pålegg om å fjerne eller endre skilt- og reklameinnretning, som etter kommunen sitt skjønn strid mot føresegnene i denne føreskrifta eller plan- og bygningslova § 30-3 første ledd. Elles kan kommunen gi pålegg om å fjerne skilt og/ eller reklameinnretningar der det følgjer av plan- og bygningslova § 30-3, 2. ledd.

#### **Retningsgjevande publikasjonar**

Rettleiar frå Førde kommune med døme på skilttypar som stettar føresegnene.

Norsk Standard NS 3041:2007 Skilting. Veileder for plassering og detaljer.



SINTEF- Byggforsk Kunnskapssystemer - 327.201 Skilt og reklame i bygningsmiljø.  
2008.

Statens vegvesen, Reklame og trafikkfare Nr. 190 i Statens vegvesen sin  
handbokserie.